



Haugaland brann og redning iks



Årsmelding 2023

Haugesund, 05.02.2024

Dag Botnen
brannsjef

INNHALD

0	BRANNSJEFEN SITT FORORD
1.0	GENERELT
1.1	Organisasjon
1.2	Ansvarsområde
1.3	Visjon
1.4	Mål
1.5	Oppsummering 2023
2.0	BEREDSKAPSAVDELING
2.1	Delmål
2.2	Tilsette/organisering
2.3	Kompetanseheving
2.4	Utrykningar
2.5	Varslingsentral/nødnett
2.6	Samarbeidsavtalar
3.0	LOGISTIKKAVDELING
3.1	Delmål
3.2	Tilsette/organisering
3.3	Brannstasjonar, køyretøy, utstyr og materiell
3.4	Kontroll, vedlikehald og ettersyn
3.5	Ressursstasjonar
3.6	Ukraina
4.0	FØREBYGGJANDE AVDELING
4.1	Innleiing
4.2	Delmål
4.3	Tilsette
4.4	Kompetanse
4.5	Særskilte brannobjekt
4.6	Informasjonstiltak og motivasjon
4.7	Risikoutsatte grupper
4.8	Øvrige førebyggjande oppgåver
4.9	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
5.0	ADMINISTRASJON
5.1	Administrasjon
5.2	Oppgåver
5.3	Helse, miljø og sikkerheit
5.4	Etisk standard
5.5	Berekraft
5.6	Sjukefråver
5.7	Informasjon
5.8	Likestilling og mangfald
5.9	Omdømme
5.10	Prosjekt
6.0	STYRE OG REPRESENTANTSKAP
6.1	Møteaktivitet styret
6.2	Møteaktivitet representantskap
6.3	Anna møteaktivitet
7.0	REKNESKAP

Bilete og illustrasjonar:

Alle bilete er henta frå intern og ekstern side på Facebook og teke av egne tilsette i Haugaland brann og redning iks. Illustrasjonar er laga i Midjourney (KI).

0 BRANNSJEFEN SITT FORORD

Velkomen til Haugaland brann og redning iks si årsmelding nummer 6!

Eit nytt år har passert, og nok ein gong skal me samla tankane og skrive ei årsmelding som summerer opp det gode arbeidet me alle har utført som ein del av Haugaland brann og redning iks. Det er ingenting som talar for at me ikkje har utfordringar som ventar på oss framover. I løpet av fjoråret opplevde me ei auke i talet på brannar og ulukker samanlikna med tidlegare år. Då er det viktig å minne oss sjølve på kvifor me har etablert eit brann- og redningsvesen:

Brannar og andre ulukker skal si størst mogleg grad unngåast gjennom gode og treffsikre førebyggjande tiltak. Når hendingar likevel inntreffer, skal desse handterast slik at omfang og konsekvensar blir halde så låge som mogleg. Spørsmålet er då: lukkast me med dette?

Mitt svar er at det gjer me, og me gjer det på ein god måte. Me har all grunn til å vere stolte av arbeidet vårt, der me gjer ein skilnad. Det kan dokumenterast at me reddar liv og at større verdiar blir berga på grunn av dyktige tilsette med god kompetanse. Dette skal me sjølv sagt halde fram med, og truleg i eit endå større omfang.

Det er ingenting som talar for at me går inn i 2024 der klimapåverknader er løyste, teknologien løyser alle problem eller at alle innbyggjarar plutseleg er tryggleiksbevisste. Men, me skal bidra til at me er rusta for dei klimaendringane som kjem. Me skal nyttiggjere oss kunnskap og teknologi, og me skal hjelpe innbyggjarane med å bli endå betre rusta for å møte sårbarheita i eit moderne samfunn.

I tillegg til å handtere hendingar og førebygge desse, har me også mista Suldal kommune det siste året (og Suldal kommune har mista oss). Dette er synd ut frå dei intensjonane selskapet byggjer på: eit større brannvesen som sikrar eit større fagmiljø og som kan hente ut synergjar og drive kostnadseffektivt.

Vår styrke skal vere samhaldet og motivasjonen for å vere til stades for våre innbyggjarar. Me skal vera til stades både før, under og etter hendingar. Me er ein samfunnsnyttig og viktig arbeidsplass for alle våre 35 heiltids- og 230 deltidstilsette. Dette er eit stort ansvar, men også motiverande.

I 2024 vil mykje tid også rettast mot brannstasjonane våre. Ein hovudbrannstasjon og fleire deltidstasjonar skal byggjast framover, noko som sikrar eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø, men som også vil føre med seg at brannvesenet i endå større grad vert eitt brannvesen med gode beredskapsstasjonar som sikrar ein heilskapleg drift. Dette ser me fram til.


Ha ein god lesnad!


Dag Botnen
brannsjef

1.0 INNLEIING

1.1 Organisasjon

Oppstart:	1. juli 2018.
Organisasjonsform:	Interkommunalt selskap.
Eigarar per 1.1.2023:	Bokn, Karmøy, Suldal ¹ , Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.
Hovudkontor:	Diktervegen 8, Haugesund.
Dimensjonering:	74 290 fram til 1.6.2023 ¹ , deretter 70 429 innbyggjarar.
Tilsette per 1.1.2023:	38 heiltids- og 270 deltidstilsette.
Stasjonar:	18 stasjonar ¹ .
Organisasjon per 1.1.2023:	



¹ Suldal kommune tredde ut av selskapet 1.6.2023 (3 stasjonar/38 tilsette)

1.2 Ansvarsområde

Haugaland brann og redning iks sine oppgaver er å, jfr. brann- og eksplosjonsvernlova § 11:



gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farar ved brann, brannverntiltak og korleis ein skal opptre ved brann og andre akutte ulukker.

gjennomføre brannførebyggande tilsyn



gjennomføre ulukkesførebyggande oppgåver i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på veg og jernbane.

å utføre nærare bestemte førebyggande og beredskapsmessige oppgåver i krigs- og krisesituasjonar



vera innsatsstyrke ved brann

vera innsatsstyrke ved andre akutte ulukker der det er bestemt med grunnlag i kommunen sin risiko- og sårbarhetsanalyse og



sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Etter selskapsavtalen kan HBR ta på seg andre oppgåver eigarane og selskapet er einige om. Det føreligg per i dag ikkje slike oppgåver.

1.3 Visjon

"Haugaland brann og redning iks skal vera leiande i Norge innanfor sine fagområde"

Visjonen skapar ein retning for selskapet og er ein framtidig og endeleg tilstand.

Ein oppfylling av visjonen vil gje ei kostnadseffektivt brann- og redningsteneste gjennom smart og effektiv drift, delaktigheit i nasjonale løysingar, sal av konsept med meir.²

1.4 Mål

Haugaland brann og redning iks har som mål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farleg stoff og farleg gods og andre akutte ulukker.

Haugaland brann og redning iks skal utføre tenester med høg kvalitet og som tilfredsstillar dei krav og forventningar som eigarar og publikum skal forvente av brann- og redningstenesta.

² Det er viktig å påpeika at visjonen vil medføre redusert kostnad. Eksempel: sal av tenester (leiarstøtte, fagekspertise i evalueringar), ressursstasjonsløyising m.m.

Beredskap

- a) Det har vore 1005 utrykningar i 2023, ei auke på 15 % samanlikna med 2022. Utrykningar var innanfor kategoriar som trafikkulukker, brannar, helseoppdrag, automatiske brannalarmer m.m.
- b) Grunna den økonomiske situasjonen i 2023 er det ikkje gjennomført pålagte grunnkurs, leiarkurs eller kurs i utrykningskøyning og må dermed hentast inn på eit seinare tidspunkt.
- c) Øvingar er gjennomført i tråd med plan der øvingane for alle mannskap vert i all hovudsak gjennomført på kveldstid. Det vert gjennomført både lag- og fullskalaøvingar.
- d) Beredskapsanalyse er utvikla. Stasjonsstruktur er vedteke av eigarane, men den delen som omhandlar tenester er sendt i retur der selskapet ventar på nytt mandat.
- e) Suldal kommune gjekk ut av selskapet 1.6. Dei hadde 3 brannstasjonar og 38 mannskap.

Logistikk

- a) Ei vesentleg oppgåve i 2023 har vore oppfølging av hovudbrannstasjonen og dei andre brannstasjonane i samsvar med mandatet i selskapsavtalen og pålegg frå Arbeidstilsynet.
- b) Kjerneområdet for avdelinga er å sikre drifta av 18 stasjonar, 80 køyretøy og alt utstyr/materiell som selskapet eig gjennom eit effektivt forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldssystem.
- c) Det er ikkje gjennomført investeringar i 2023. Det er avhenda 3 brannbilar til Ukraina via THK stiftelsen, det er solgt 1 køyretøy som har vært brukt til kode 160 opplæring

Førebyggande

- a) Samfunnsavdelinga har gjennomført 156 tilsyn eller tilsvarende tiltak med særskilte brannobjekt. Utover dette er utført oppgåver innanfor sakshandsaming, aksjonar, befaringar, opplæring samt annan informasjonsverksemd.
- b) Brannførebyggjarane (feiing og tilsyn) har gjennomført 9078 tilsyn og 5819 feiingar. Ca. 2200 av tilsyna var i fritidsbustadar.
- c) Avdelinga har på vegne av selskapet gjennomført prosjekta:
 - Etablering av Webarkiv.
 - Kompetansesenter for Haugaland brann og redning iks.
 - BRIS-rapportering (registrering, godkjenning og oppfølging av utrykningar).

Administrativt

- a) Det er gjennomført prosessar for å sikre at uttrede av Suldal kommune i Haugaland brann og redning iks vart gjennomført på ein god måte.
- b) Gjennom OU-midlar er det gjennomført eit leiarutviklingsprogram.
- c) Det har vore arbeid med å innfri økonomiske forventningar frå eigarar der den økonomiske ramma har gjort til at drifta av brann- og redningsvesenet har vore på eit minimum der investeringar, kompetansetiltak og andre oppgåver er utsett.
- d) Det er gjennomført 7 styremøte, 2 representantskapsmøte og 2 eigarmøte.

2.0 BEREDSKAPSAVDELING

2.1 Delmål

Beredskapsavdelinga skal redusere konsekvensane ved brann og andre ulykker gjennom effektive tiltak når uønskete hendingar skjer. Dette skal gjerast med bakgrunn i tiltak fastsett gjennom ei beredskapsanalyse som sikrar oss i å gjere målretta og effektive tiltak mot uakseptabel risiko.

2.2 Tilsette/organisering

I det geografiske ansvarsområdet til Haugaland brann og redning iks er det ein inndeling med to områder for å sikre eit overkommeleg kontrollspenn for områdeleiar og oppfølging av kvar einiskild tilsett.

Mannskap er fordelt på 18 stasjonar etter følgjande tabell:

Stasjon	Kommune	Mannskap	Brannsjefs-vakt	Innsats-leiarvakt	Utr.leiar-vakt	Mannskapsvakt
Førde	Sveio	14	5-delt	4-delt ³	4-delt	-
Sveio		14				-
Aksdal	Tysvær	16			-	Helgevakt m/2 konst.
Tysvær		16			-	-
Nedstrand		16			-	-
Bokn	Bokn	18			-	-
Skudenes	Karmøy	16		4-delt	4-delt	4-delt m/3 konst.
Åkra		16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Kopervik		20			4-delt	4-delt m/4 konst.
Bø		16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Vormedal		16			4-delt	4-delt m/3 konst.
Utsira		Utsira			10	-
Ølen	Vindafjord	16		4-delt	4-delt	-
Sandeid		10			4-delt	-
Skjold		12			4-delt	-
Sand	Suldal ⁴	16		4-delt	4-delt	-
Suldalsosen		12				-
Jelsa		10				-

2.3 Kompetanseheving

KURS OG OPPLÆRING

Ein viktig intensjon med å etablere Haugaland brann og redning iks, var å innfri lovpålagte kompetansekrav på ein kostnadseffektiv måte. Dette gjer me gjennom å sjølv arrangere kurs framfor å kjøpe kursplassar eksternt. Vidare vil kontinuitet gje forutsigbare kostnadsfordelingar.

Kompetanse er ikkje eit «gode», men eit hms-krav etter lov og forskrift. Modellen for norske brann- og redningsvesen er å tilsette mannskap for deretter å gi nødvendig kompetanse etter læreplanar.

Gjennomførte kurs:

Røykdykkarkurs

Me har ± 200 røykdykkarar som skal ha 3 dagars kurs ved oppstart i HBR og deretter årlege røykdykkarøvingar.

I samarbeid med Hydro er det etablert eit røykdykkaranlegg der tilsette vert kursa med interne instruktørar.

Røykdykkarkurs 2023: 2 kurs/14 interne deltakarar og 6 eksterne deltakarar.



³ Det er 4-delt vakt, men det er berre to innsatsleiarar. To av fire vakter vert derfor dekkja av brannsjefsvakt.

⁴ Suldal kommune gjekk ut av selskapet 1.6.2023



Førstehjelpskurs

Alle våre tilsette skal ha eit 6-timars grunnkurs som akutthjelper med årleg resertifisering.

Grunnkurs 2023: 5 kurs/51 deltakarar

Resertifisering 2023: 111 deltakarar

Kurs for tunge køyretøy

Me har ± 100 tilsette som skal ha 80 t kurs i å føre tunge køyretøy (kl. 2) gjennom køyreskule. Vidare skal sjåførar for tunge køyretøy ha sikkerheitskurs på bane.

Kurs kl. 2, 2023: 0 deltakarar/6 som har køyrd opp etter kurs gjennomført 2022.

Sikkerheitskurs bane 2023: 5 deltakarar



Utryknings sertifikat

Det ± 150 tilsette som har krav til eit vekeskurs i utrykningskøyring gjennom køyreskule. Vidare skal alle ha resertifisering kvart 5. år.

160-kurs 2023: 0 kurs/1 som har køyrt opp etter kurs gjennomført 2022.

Vedlikehaldstrening 2023: 20 deltakarar

Kode 160, tilpassing tungt køyretøy: 9 deltakarar

Grunnkurs og utrykningsleiar kurs

Alle våre tilsette har krav om 191 t grunnkurs og 201 t utrykningsleiar kurs etter læreplan ved Brann- og redningsskolen. HBR er godkjent kursarrangør.

Det har ikkje vore økonomi til gjennomføring i 2023 og kurs vert skyvd til 2024.



Utvikling og innovasjon

Me har delteke i eit prosjekt/oppgåve ved HVL som tek føre seg bruk av VR-teknologi for å redusere miljøbelastning, redusere eksponering av våre tilsette og auke øvingsutbytte under øvingar.

Dette prosjektet har same mål som et pågåande internt prosjekt i HBR som vart presentert i AMU, der me ynskjer å redusere tal på «tradisjonelle varme øvingar».

Andre kurs

Gjennom Kystverket er det gjennomført grunn-, teigleiar- og skadestads-leiarkurs for handtering av akutt forureining med til saman 18 deltakarar. Ein innsatsleiar har gjennomført leiarkurs modul D ved Brann- og redningsskolen.

Matrise som viser status for årleg kompetansebehov i selskapet:

Kurs	Stasjon													TIMAR	
	Kopervik	Åkra	Skudenes	Bø	Vormedal	Utsira	Aksdal	Nedstrand	Tysværåvåg	Bokn	Sveio	Førde	Ølen		Sandeid
Røykdykkarkurs	2 kurs à 10 tilsette + 4 årlege øvingar for alle røykdykkarar														480 t + øvingar
Akutthjelpar	2 kurs à 15 tilsette + repetisjon alle tilsette kvart anna år														240 t + øvingar
Utryknings sertifikat	2 kurs per år à 4 tilsette														640 t
Klasse 2 (C) + bane	2 kurs per år à 4 tilsette														704 t
Nettkurs	Alle nyttilsette														300 t
Grunnkurs	Årleg grunnkurs med 15-20 deltakarar														3000 t
Utr.l.kurs	Utrykningsleiar kurs anna kvart år med 10 deltakarar														1500 t
Leiing - trinn D og E	1-3 per år														480 t

Stasjonane Åkra, Kopervik, Bø, Vormedal og Tysværåvåg vil påverke kompetansebehovet når hovudbrannstasjon og stasjon på Veia er etablert.

ØVINGAR

Deltidsmannskap har små faste stillingar frå 1,76 og opp til 6 % der timane i hovudsak vert nytta til øvingar og opplæring. Utrykningar er variable frå år til år og vert ikkje medrekna i den faste stillinga, jf. SFS 2404.

Stillingsstorleik er ei «arv» frå tidlegare arbeidsgjevar og varierer. Ved etablering vart det fastset eit minimum på 35 t/år for kurs og øvingar. Med eit så lavt tal timar, er det utfordrande å vedlikehalde og erverve ny kompetanse.

Kvart år vert det gjennomført 75.000 timar for øvingar. Dette er eit omfattande arbeid som krev førebuing, gjennomføring og etterarbeid av våre dedikerte tilsette.

Øvingar for 2023 har mellom anna vore innanfor:

- Brann/røykdykking
- Redning/trafikk
- Redning i elv/på sjø
- Førstehjelp/helseoppdrag
- Farleg gods/akutt forureining
- Leiing, strategisk og taktisk
- Tekniske øvingar



2.4 Utrykningar

Tal utrykningar i regionen viser at Haugaland brann og redning er «på hjul» 3 gongar i snitt kvar dag heile året. Statistikken tek utgangspunkt i 18 stasjonar og 270 mannskap fram til 1. juni 2023⁵ og deretter 15 stasjonar og 230 mannskap ut året. Vidare er det 10 heiltidstilsette innanfor beredskapsområdet.

Brann- og redningsvesenet er med sine krav organisering og dimensjonering, særdeles gode med tanke på utrykningstid samt slagkraft. På denne måten er Haugaland brann og redning iks den viktigaste beredskapen kommunane har i kvardagen, både for små og overfor dei store og komplekse hendingane som skjer.

UTRYKNINGAR 2023

Statistikken vert henta ut frå den nasjonale databasa BRIS.

Tal utrykningar:

Automatiske alarmer:	390
Brannar:	136
Trafikkulukker:	134
Helseoppdrag:	127
Andre oppdrag:	179
Berging av verdiar:	45
Sum	1 005


.

Det er ein auke på 15 % utrykningar samanlikna med 2022. Dette er til tross for at Suldal kommune med sine stasjonar ikkje vert rekna med etter 1.6.2023.



⁵ Suldal kommune trer ut av selskapet.

UTRYKNINGAR PER STASJON



Tal utrykningar for den spesifikke brannstasjonen.

Tal utrykningar kor stasjonen støttar ein annan stasjon

FAKTA



Dyreredning:

Det er redda 1 sau, 3 kyr, 5 kattar, og 4 fuglar.



Bygningsbrannar:

Det har vore 51 bygningsbrannar der kort utrykningstid har medført at dei fleste brannane er sløkt tidleg.

Helseoppdrag:
127 helseoppdrag der hjartestans er den vanlegaste årsaka til utrykningar. Det er dokumentert fleire livreddande innsatsar.



Automatiske brannalarmer:
23 alarmer var reelle og tidleg varsel har dermed redda større verdiar.



Trafikkulukker:

Av 134 ulukker er det få med dødeleg utgang (2). Tidleg innsats, kompetanse og riktig redningsteknisk utstyr er avgjerande for eit godt resultat.



2.5 Varslingsentral/nødnett

Haugaland brann og redning iks er tilknytt Alarmsentral brann sør-vest (ABSV) lokalisert i Sandnes frå og med 2019. Sentralen er organisert som ein avdeling i Rogaland brann og redning iks.

Ein stor utfordring som brann- og redningsvesen har framover er å re-etablere nødnettet. Dette er sentrale prosessar med kostnadar på mange milliardar og som skal finansierast gjennom brukarbetaling.

Oppdragshandteringsverktøy:


Dette er eit pågåande prosjekt som skal vera ferdig innan første halvdel av 2024. HBR sitt tillegg på kostnadar i 2023 var 1.2”.

Nytt nødnett:

Neste generasjon nødnett er i oppstartsfasen og vil vera ein kombinasjon mellom statlege tenester og tenester levert gjennom det kommersielle nettet. I dette ligg også kostnadar for nytt utstyr som. Kostnadar er ikkje kjent, men det er signalisert at dette vil ha ein vesentleg høgare kostnad enn i dag.

Drift av eksisterande nødnett:

Sjølv om det i si tid vart sagt frå sentralt hald at kostnad for nødnett ikkje skulle vera meir enn for det analoge nettet, ser me i dag at dette er eit kostnadsområde som er lite forutsigbart og som regelmessig gir oss ekstra ikkje-budsjetterte kostnadar. I 2023 utgjorde nødnettet 40 % av driftskostnadane .



Kostnadsutvikling nødnett 2019-2023 (abonnement, 110-sentral og nytt nødnett/oppdragshandteringsverktøy).

2.6 Samarbeidsavtaler

For å oppnå kostnadseffektivitet skal det som hovudregel søkast samarbeid. Per i dag har selskapet følgjande samarbeidsavtaler:

- felles sløkkeavtale med kommunane i regionen.
- felles avtale om redningsdykking med Haugesund kommune
- sløkkeavtale med Haugesund kommune om Førresfjorden (området)
- felles avtale om handtering av større akutte forureiningar (IUA).
- beredskapsavtale med Equinor og anlegget på Kårstø.
- beredskapsavtale med Hydro om felles kommunikasjon, felles øvingsanlegg med meir.
- samarbeidsavtale med Statkraft og røykdykkarberedskap med meir (fram til 1.6.2023)
- samarbeidsavtale med private alarmselskap.
- Samarbeidsavtale med røde kors vedr. redningsbåt.

3.0 LOGISTIKKAVDELING

3.1 Delmål

Logistikkavdelinga skal ha ei effektiv drift - fagleg og økonomisk - for drift, vedlikehald, ettersyn og kjøp for alt av køyretøy, utstyr og materiell, brannstasjonar med meir. Det skal vera ein høg driftssikkerheit ved alle våre 18 stasjonar som sikrar at beredskaps- og førebyggjande mål vert nådd.

Avdelinga skal i samarbeid med avdelingane beredskap og førebyggjande legge til rette for god HMS i det daglege arbeidet.

3.2 Tilsette/organisering


Det er forutan leiar, 1 stillingsheimele p.t på avdelinga. Avdelinga er organisert slik at tilsette i beredskap arbeidar med logistikk, men er i linja under beredskapsavdeling. Tilsette som arbeidar med logistikk er:

- A. Teknikar (reduisert frå 150 % til 100 % etter at Suldal kommune tredde ut av selskapet). Har det overordna ansvaret for kontroll, ettersyn og vedlikehald av køyretøy, utstyr og materiell.
- B. Brannmeistrar (200 %) som utfører ettersyn, service, vedlikehald innanfor avtalte områder og koordinert av leiar logistikk.

Stasjonsmeistrar er eit kontaktledd mellom logistikk og øvrige mannskap på stasjon.

3.3 Brannstasjonar, køyretøy, utstyr og materiell

HBR leiger brannstasjonar frå eigarkommunane. Oversikt over stasjonar med køyretøy er per 31.12.2023:



Utover dette er det felles køyretøy som ikkje er bundne opp mot brannstasjonar. Dette er administrative bilar, bilar på sjølvkostområdet, vaktbilar m.fl.

Det er ikkje gjennomført investeringar i 2023, men to mannskapsbilar som vert bestilt 2021 vart levert i 2023 (Bokn og Skjold).

Brannstasjonar

Arbeidstilsynet har gitt selskapet pålegg i å utbetre brannstasjonane som ikkje innfrir krav til ren og skitten sone, ventilasjon og garderober.

Dette følgjer ein plan som går over fleire år. Etter krav frå Arbeidstilsynet er det gjort midlertidige tiltak fram til permanente løysingar er på plass. Mellom anna er det sett inn dusjvogner på fleire stasjonar (7) og det er bygd om på eksisterande garderober (1).

Arbeidstilsynet har godkjent selskapet sin handlingsplan for utbetring av brannstasjonar. Handlingsplanen er vert følgt opp av eigarkommunane då selskapet er leigetakar.

Status per 31.12.2023:



Stasjon	Vedtak i kommunane	Planlagt prosess
Bokn	Vedtak føreligg.	Kommunen arbeidar med tomtealternativ. Målet er å vera klar med ny stasjon innan 2025.
Veia	Vedtak føreligg der ny stasjon vil lukka avvik på Åkra/Kopervik.	Oppstart forprosjekt Q2 2023
Hovedbrannstasjon	Vedtak føreligg, ny stasjon vil lukka avvik på Bø/Vormedal.	Planlagt anbod i Q1 og oppstart Q4 2023.
Aksdal	Ingen vedtak føreligg.	Kartlegging av behov i Q1 2023
Sveio	Vedtak føreligg.	Planlagt anbod Q1 2023
Førde	Vedtak føreligg.	Oppstartsmøte Q2 2023
Skjold	Vedtak føreligg.	Oppstartsmøte Q1 2023
Sandeid	Leigeavtale.	Oppstartsmøte Q1 2023
Utsira	Vedtak føreligg.	Ingen planar før 2025
Skudeneshavn	Ny stasjon – ikkje ein del av pålegget til AT	
Ølen	Ny stasjon – ikkje ein del av pålegget til AT	
Nedstrand	Ny stasjon – ikkje ein del av pålegget til AT	
Tysværåvåg	Stasjonen skal avviklast, vedtak om oppgradering er ikkje nødvendig.	

3.4 Kontroll, vedlikehald og ettersyn

Satsinga på etablering av system for kontroll, vedlikehald og ettersyn viser resultat. Me har god kontroll og oversikt over køyretøy og utstyr, og me føler oss trygge på at utstyr fungerer og har kort nede/reparasjonstid. Bliksund gir god oversikt og varslar når køyretøy og utstyr skal ha service, sertifisering m.m. Anleggsregisteret i Bliksund er på plass og vil vera eit godt hjelpemiddel med tanke på planlegging av investeringar av utstyr.

3.5 Ressursstasjonar

Etableringa av ressursstasjonar i HBR har vore eit effektivt hms-tiltak med stor økonomisk gevinst. Stasjonane Ølen og Kopervik har ei viktig rolle i å vera eit organisatorisk ledd som sikrar at verneutstyr og forsyningar kjem ut til mannska når dei er i innsats.

Før mannskap reiser frå skadestaden er det skifta verneutstyr, luft, meisar og det vert levert ut nye forseglede røykdykkarmasker. På denne måten er mannskap klar for ny innsats straks dei er tilbake på stasjonen, dei er minimalt utsett for ettereksponering av farlege stoff samt at dei ikkje skal bruke timeressursar på å reingjere utstyr kvar og ein. Dette reduserer den totale belastninga.

Ressursstasjonar er ein viktig nøkkel og noko som gjev stor gevinst i det å samarbeide innan brannområdet. Ny hovudbrannstasjon på Raglamyr er i så måte ei viktig brikke i planlegginga og valet av løysing på dei andre

stasjonane som er bygd eller som er under etablering. Den økonomiske gevinsten i etableringa av ressursstasjonar er stor, men vanskeleg å talfesta nøyaktig, men nokre momenta som kan tas med som synergjar er:

- Redusert eksponering av røyk, kjemikaliar og partiklar for alle våre tilsette.
- Alle øvrige stasjonar vert ført opp utan vaskeriløysing for tøy og utstyr, noko som gjev redusert investering og leige samt redusert straum og vassforbruk.
- Det er stor reduksjon i tal tilsette som må ha denne spesialkompetanse som ligg til ein ressursstasjon. Dette medfører redusert kostnad i kompetansehevande tiltak.
- Vi trenger ikkje ha dobbelt opp av alt utstyr og verneklede på alle stasjonar, noko som gjev mindre investering i utstyr og materiell.

Ved kjøp og investeringar er økonomi det viktigaste der gode løysingar gjev gode resultat på helse, miljø og sikkerheit. Me har plikt i å ha eit forsvarleg arbeidsmiljø for våre tilsette.

Ressursstasjonane har i 2022 tatt bruk Bliksund som lagerstyringssystem. Dette gir ansvarlege brannmeistarar ein god oversikt over kva som er på lager på begge stasjonane og kan i så måte supplere kvarandre med for eksempel vernetøy, røykdykkarutstyr m.m. Systemet er også eit godt hjelpemiddel for å planlegge nødvendige investeringar.



3.6 Ukraina

I samarbeid med THK-stiftinga vart det gjennomført eit prosjekt der målet var å få størst mogleg effekt ut av vår donering av 3 køyretøy til Ukraina. Ukrainske brannvesen har som følge av pågåande krig, eit stort behov for køyretøy, utstyr og materiell.

Prosjektet medførte at THK og HBR kunne levere etterspurt og nødvendig utstyr til Odessaregionen i ei mengde langt over eigen donasjon.



Samla vart det levert ein semitrailer med brann- og førstehjelpsutstyr samt 5 køyretøy.

Leveransen av utstyr skjedde formelt i Uzhhorod gjennom koordineringsleddet Mercy Farm. Ein prosjektdeltakar følgde mannskapsbilane ned til Odessa for å vera med på overleveringa til brannsjefen for regionen.

Første av etappe (Bokn) der 2205 km skal køyrast.

Ein køyretur som stort sett gjekk utan større problem.



Fra venstre:
Werner Gundersen, Kjell Gunnar Bråtun, Bjørn Heggem, Per Arne Risanger,
Vidar Akselsen og Harald Hop. Bak kamera: Dag Botnen.



Overlevering i Uzhhorod



Brannsjefstreff i Odessa.



Ein verden som er nær oss, men likevel fjern.

4. FØREBYGGJANDE AVDELING

4.1 Innleiing

Hovudoppgåvene for avdelinga er gjennomføring av tilsyn og andre tiltak ved særskilte brannobjekt, feiing og tilsyn med fyringsanlegg og gjennomføring av informasjons og motivasjonstiltak.

I førebyggjandeanalyse er det definert sju arbeidsområde for det brannførebyggjande arbeidet:

1. Særskilte brannobjekt
2. Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
3. Informasjon og motivasjon
4. Risikoutsette grupper
5. Arrangement og overnatting
6. Farleg stoff
7. Landbruk

Til kvart av arbeidsområda er det etablert handlingsplanar som beskriver mål og tiltak innanfor dei respektive områda. Handlingsplanane vil samla sett utgjere årsplan for avdelinga.

4.2 Delmål

Avdelinga skal arbeide med å førebygge brannar og andre ulykker gjennom å vera dimensjonert og organisert ut frå ei førebyggjandeanalyse. På denne måten vil oppgåver i avdelinga vera planlagt og spissa inn mot dei mål som er sett for selskapet generelt og avdelinga spesielt.

Forutan oppgåver som ligg til fagområdet førebygging, skal avdelinga jobbe for å få ein overgang til beredskap gjennom beredskapsførebyggjande arbeid.

4.3 Tilsette

Tal førebyggjande tilsette i Haugaland brann og redning iks er per 31.12.2023:

Avdelings-/områdeleieiing:	200 %
Brannførebyggjarar (feiing og tilsyn):	1 300 %
Branningeniørar (tilsyn):	650 %

Tilsette i avdelinga har i 2023 hatt arbeid som er felles for alle avdelingane:

Branningeniør ⇒ Administrasjon (prosjekt):	100 %
Områdeleiar ⇒ Administrasjon (økonomi):	70 %

Det har også vore eit vikariat førebyggjande avdeling, brannførebyggjar, for å ha større kapasitet til tilsyn i fritidsbustadar.

4.4 Kompetanse

Det er gjennomført eksamensforberedande yrkeslærekurs ved Brann- og redningsskolen for 2 brannførebyggjarar. Kurset gie kunnskap og kompetanse til eksamen i brannførebyggjarfaget.

Tilsette har elles delteke på ulike fagsamlingar og webinar gjennom året.

4.5 Særskilte brannobjekt

I 2023 er det registrert 481 særskilte brannobjekt som Haugaland brann og redning iks skal føre tilsyn med. De særskilte brannobjekta kan delast inn i følgjande kategoriar:

- A. bygningar eller områder brann kan medføre tap av mange liv
- B. bygningar, anlegg, tunnelar og liknande kor det er særleg stor brannfare eller fare for store brannar, eller kor brann kan medføre store samfunnsmessige konsekvensar
- C. viktige kulturhistoriske bygningar og anlegg.

I tillegg til å utføre tilsyn er det jobba med branntrygging i landbruket, brannsikring i gamle Skudeneshavn og tunnelar.

Eit av måla for området i 2023 var tilsyn eller andre førebyggjande tiltak ved ca. 300 av dei særskilte brannobjekta. Det er gjennomført tiltak ved 156 objekt. Ved 49 objekt er det registrert pågåande prosessar, noko som tilseier at det har vore/er tiltak som ikkje er avslutta. Det er oppnådd 65 % av målet.

	Registrerte § 13-objekt			Tilsyn og andre tiltak 2023		
	A	B	C	A	B	C
Sveio	34	1	0	20	1	0
Tysvær	60	9	3	19	1	0
Bokn	7	3	1	0	0	1
Utsira	12	0	0	0	0	0
Karmøy	183	50	3	66	13	0
Suldal	36	13	2	19	0	0
Vindafjord	52	10	2	10	5	1
Sum	384	86	11	134	20	2

4.6 Informasjonstiltak og motivasjon

Informasjon og motivasjon skil seg noko ut frå dei andre arbeidsområda, ved at det er eit tiltak som kan fungere for dei fleste risikoområda eller tema. Samtidig kan det vere vanskeleg å måle effekten og rekkevidda av informasjon.

Gjennom året er det delt informasjon, tips og råd innan brann- og ulykkesførebygging. Ulike medier og informasjonsflater er nytta.

Brannvernveka som er ein nasjonal infokampanje vart gjennomført med fokus på ladevett. Den normalt på populære «open dag» på brannstasjonar er ein sentral del av kampanjen. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i selskapet vart det ikkje gjennomført open dag i 2023.


Størst innsats og fokus fekk aksjon «Pyroprevent» i påska. Det vart her varsla om at det ville oppstå 2 brannar i påska, og iverksette etterretningsarbeid for å gjere arbeidsområdet litt meir handterleg. Etterretnings- og analysearbeidet, gjennomført av personell frå førebyggjande avdeling, administrasjonen og beredskapsavdelinga, avdekkja etter kvart at brannane mest truleg ville inntreffe sentralt på Karmøy.

BRANN HAUGALAND BRANN OG REDNING PÅSKE BRANNSIKKERHET

Varsler to branner i påsken: - Vi har fått en del reaksjoner



VIL AVVERGE PÅSKEBRANNER: Ole-Martin Nordstrand er leder for forebyggende avdeling i Haugaland brann og redning IKS. Foto: Vidde Aurora Drevland Klyve



Bjørnis

Brannbamsen Bjørnis er blitt ein nasjonal helt som vert nytta både som trøystebamse og som eit verktøy for å nå barn og unge med informasjon. Barn og unge som er involvert i brann eller ulykker får sin egen Bjørnis som kan vere til trøyst i ein tøff situasjon.

Bjørnis var også i 2023 med på fleire arrangement og fekk treffe barn og unge. Reduserte økonomiske rammer medførte at Bjørnis ikkje var nytta i høver kor det hadde vore ønskeleg. Nokre av arrangementa som Bjørnis deltok på i 2023:

- Barnas dag - Ølensvåg
- Glade maidagar - Åkrehamn
- Home-Start Familiekontakten - Kopervik
- Sveiomarknaden

- Fredtun familiedag, barnas St. Hans
- Skundefestival
- Fiskeridagane - Åkrehamn

«Etter brannen»

«Etter brannen» er eit konsept som baserer seg på ein arbeidsmetode frå Liverpool kjent som Merseyside-modellen. Tanken bak konseptet er at publikum er meir mottakelig for informasjon kort tid etter ei hending. Ved hendingar der det har vore opne flammor eller røykutvikling av betydning blir det gjennomført ein dør til dør aksjon i nabolaget. Målet er å tilby råd og veiledning om brannsikkerhet.

Aksjonane er eit av prosjekta kor forebyggjande og beredskap jobbar tett saman og dermed styrker samarbeidet innad i organisasjonen.

Det vart gjennomført 6 aksjonar i 2023.

Opplæring.

Det er gjennomført brannførebyggjande opplæring for ± 9 000 personar, om faren for brann og korleis ein skal opptre dersom det oppstår ein brann. Opplæring er gjennomført for tilsette i helsetenesta, elevar i skulen og ulike lag og foreiningar.

4.7 Risikoutsette grupper

Risikoutsette grupper er dei gruppene av personar som størst risiko for å miste livet og helse som følgje av brann. I strategi og handlingsplanen er det sett mål om at dette er ein naturleg del av det førebyggjande arbeidet.


Trygg heime

Dette er eit konsept for å tygge risikoutsette grupper. Ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet er kommunane, spesielt helse og omsorgstenestene. Det er eit mål å etablere samarbeidsavtalar med alle eigarkommunane på dette området. I 2023 er det signert avtale med Sveio, Vindafjord og Tysvær kommune.

Parallelt med forankring av avtaler, er det jobba med tiltak retta mot risikogruppene. Mellom anna er det gjennomført undervisning og sløkkeøving for tilsette i helsetenesta, opplæring og montering av nye tryggingsalarmer inklusive røykvarslarar og handtert bekymringsmeldingar.

Bekymringsmeldingar

Brannvesenet plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak på bakgrunn av bekymringsmeldingar. I 2023 mottek brannvesenet 31 bekymringsmeldingar eller branntips på bakgrunn av bekymring for eigen eller andre sin brannsikkerheit. Bekymringsmeldingane skal meldast inn via den nasjonale portalen www.branntips.no.



4.8 Øvrige førebyggjande oppgåver

Farleg stoff

Brannvesenet har gjennomført og vore med DSB på 5 tilsyn retta mot lagring og distribusjonsnett for LNG/LPG,

I 2023 handsama førebyggjande avdeling 33 søknadar om handel og oppbevaring av fyrverkeri. I tillegg til saksbehandling vart det gjennomført tilsyn med 12 av handelslokala.

I tillegg vart det behandla 10 søknadar om saluttering 17. mai samt bruk av profesjonelt fyrverkeri i samband med ulike markeringar.

Landbruk

Rogaland er eit landbruksfylke, med mange både små og store driftsbygg, og vårt område har opplevd fleire brannar i landbruksbygg. Området er definert som eit eige arbeidsområde i det førebyggjande arbeidet.

I 2023 vart det gjennomført tilsynsaksjonar i samarbeid med Mattilsynet, Det lokale el-tilsyn og Arbeidstilsynet ved 7 gardsbruk i området vårt.

Arrangement / Overnatting

Det er motteke 51 meldingar om arrangement og overnatting i lokale som normalt ikkje blir nytta til dette formålet. Mottekne meldingar vert vurdert og følgt opp med synfaring eller andre eigna tiltak, for å sikre at arrangementet vert gjennomført på ein trygg og sikker måte. Det er gjennomført 13 befaringar i løpet av året.

Plan- og byggesaker


Brannvesenet blir jamleg tatt med på høyringar i plan og byggesaker. I 2023 kom det inn 38 plan og byggesaker, kor det vart gitt uttale i 10 av desse. Fokuset frå brannvesenet er i stor grad knytt til tilrettelegging for sløkkeinnsats i form av tilkomst, oppstillingsplassar og sløkkevatn.

Brannvesenet har også vore med i møter i Vindafjord kommune for å avklare tilretteleggings krav for bygg landbruket.

Brannetterforsking

Haugaland brann og redning har avtale med Politiet om å bistå i brannetterforsking. Brannvesenet var med på 9 tekniske undersøkingar i 2023. Målet med brannetterforsking er å;

- finne brannårsaker
- undersøke om det kan vere straffbare handlingar
- auke kunnskap om brannårsaker og brannspreiing
- auke kunnskap om effekten av førebyggjande tiltak




4.9 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Førebyggjande avdeling, seksjon bustad, har som hovudoppgåve å feie og føre tilsyn med fyringsanlegg. Alle fyringsanlegg blir vurdert på kriteria som type skorstein, alder og sot mengde for å fastsette intervall og behov. Feiing og tilsyn skal gjennomførast ut frå kartlagt behov og risiko.

Det er også stort fokus på rettleiing om vedfyring og informasjon om branntryggleik.

I 2023 har det vore stort fokus på å kartlegge og utføre tilsyn i fritidsbustader. Av ca. 9 000 tilsyn var 2 200 av desse i fritidsbustadar. Ekstra fokus på dette området resulterte i noko lågare tal på feiing.

Kommune	Røykløp	Tilsyn			Feiing		
		2021	2022	2023	2021	2022	2023
Sveio	3481	362	1351	1088	267	1516	406
Vindafjord	4571	1189	1239	1756	1699	1264	1058
Suldal	1676	82	555	837	793	457	578
Tysvær	5066	1798	1308	1631	716	1616	799
Bokn	518	143	328	94	142	243	0
Karmøy	14976	2651	6798	3615	2890	5284	2978
Utsira	78	3	0	57	74	0	0
SUM	30366	6228	11579	9078	6581	10380	5819



5.0 ADMINISTRASJON

5.1 Administrasjon

Administrasjonen har tradisjonell oppbygging med leiar/brannsjef, avdelingsleiing for beredskap og førebyggjande avdeling samt leiar for logistikk, personale og økonomi (vakant). Vidare vert det kjøpt tenester frå Suldal kommune innanfor oppfølging av system.

Administrasjonen er samlokalisert i Haugesund i Diktervegen 8. Det føreligg vedtak om ny hovudbrannstasjon på Raglamyr der oppstart skjedde i desember 2023.

Underlagt administrasjon er også stillingane:

- Hms-koordinator (vakant)
- Økonomimedarbeidar (vakant)
- Informasjonskoordinator (vakant)

5.2 Oppgåver

Det er i hovudsak desse områda som har krevd administrative ressursar i 2023:

- A. Etablering av selskapet.
- B. Drift av selskapet.


A. Etablering av selskapet.

Styringsdokumentet for etablering av Haugaland brann- og redning iks er selskapsavtalen og er førande for styret og administrasjon.

Selskapsavtalen bygger på:

1. rapport om felles brannvesen av september 2015
2. vedtak i eigarkommunane sine kommunestyre 2017.
3. brann- og eksplosjonsvernloven av 2002.

Status for etablering av selskapet er per 31.12.2023, jf. dei 15 tilrådingane i rapport av 2015 som selskapsavtala bygger på:




- Oppgåve 5: Arbeidet med hovudbrannstasjon hadde oppstart haust 2023 og skal vera innflyttingsklar våren 2025. Veia brannstasjon er plassert på kartet og vil ha oppstart 2024.
- Oppgåve 6: Oppgradering av stasjonar etter pålegg frå Arbeidstilsynet er i prosess der fleire stasjonar er oppgradert, er under oppgradering eller er planlagt oppgradert i 2024/25.
- Oppgåve 14: Det er ein kompetansekoordinator i selskapet der øvrig arbeid med kompetanse skjer i kvar enkelt avdeling. Ein analyse av moglege tiltak innanfor kompetanse vert lagt fram for styret vår 2024.

B. Drift av selskapet

Haugaland brann og redning iks har, som dei fleste verksemder, utfordringar der det dagleg må gjerast prioriteringar som følgje av manglande ressursar. Selskapet har som ein konsekvens for redusert dimensjoneringsgrunnlag i 2023⁶ samt reduksjon i økonomisk ramme, iverksett tiltak for å møte desse utfordringane. For 2023 er dei viktigaste tiltaka:

- Ha stillingar vakante.
- Ikkje gjennomføre/skyve på kurs og andre oppgåver som ikkje er absolutt nødvendige.
- Skyve på investeringar.
- Aktivt jobbe for effektivisering som resulterer i innsparingar.

Med utgangspunkt i organisasjonen som er vedteke i styret for Haugaland brann- og redning iks 19.09.2018 sak 18/043, er det følgjande status:



Organisasjonen er i endring som følgje av rammestyling, uttreden av kommunar samt andre behov enn det som var innleiingsvis. Revidert organisasjon vil leggest fram for styret når beredskapsanalyse trinn 2 er klar.

⁶ Uttreden av Suldal og Etne

5.3 Helse, miljø og sikkerheit

Verneområde og verneombod

I 2023 har selskapet hatt seks verneombod med tilhøyrande verneområde. Fem av områda dekker stasjonar med deltidsmannskap og eitt område for heiltidstilsette. I tillegg er det valt eit hovudverneombod.

Nytt val av verneombod er gjennomført i desember 2023.

funksjon/område	namn	nytt val des 2023
Hovudverneombod	Torbjørn Larsen	Ikkje valt per 31.12
Verneombod: Fast tilsette	Finn T Yven	Ivar Eide
Verneombod: Sveio	Torbjørn Larsen	Torbjørn Larsen
Verneombod: Karmøy/Utsira	Michel Møller	Michel Møller
Verneombod: Suldal	Håranes Alf Rune	-
Verneombod: Vindafjord	Bernt Arne Skjold	Arvid Hundhammer
Verneombod: Tysvær/Bokn	Ole Jonny Espevold	Ole Jonny Espevold

HMS-koordinator

Stillinga er per 31.12.2023 vakant.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

Det er i 2023 gjennomført 4 møter og det føreligg ein eigen årsrapport.

Bedriftshelseteneste

Det er inngått bedriftshelseteneste med Medco.

HMS og kvalitetssikringssystem

Det er inngått avtale med Bliksund as om eit hms- og kvalitetssikringssystem som omhandlar kompetanse, avvik, oppslag og informasjon samt rutinar, kontroll, vedlikehald og ettersyn med meir.

Det er utarbeidd diverse nye overordna retningslinjer og prosedyrar, og revidering av eksisterande pågåar fortløpande. Det er overordna prosedyrar og rutinar som dekker dei krav i internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd.

Hendingsrapporteringssystem

Me har eit system som handterer både avvik, forbetnings- og driftsmeldingar.

Totalt er det registrert 703 hendingar i 2023, der 79 er under behandling og 624 avslutta.

Desse fordeler seg på følgjande måte:

- 211 avvik⁷, der 38 er under handsaming og 173 er avslutta.
- 121 forbetningsmeldingar, der 16 er under handsaming og 105 avslutta.
- 371 manglar på utstyr/materiell/køyretøy, der 25 er under handsaming og 346 avslutta.

Vernerundar

Det er ikkje gjennomført ordinære vernerundar i 2023. I staden er det saman med verneombod arbeid med risikovurderingar og oppfølging av avvik frå Arbeidstilsynet sitt tilsyn 2022.

5.4 Etisk standard

Det er utarbeidd etiske retningslinjer for Haugaland brann og redning iks der disse er oppdatert i 2022 og 2023. Spesifikt for 2023 er samtlege tilsette oppfordra til å lese dei etiske retningslinjene med ei påminning om at «leiarar har eit særskilt ansvar for rutinar og prosessar som sikrar at Haugaland brann og redning iks

⁷ Reelt er det vesentleg færre avvik då det som vert registrert høyrer stort sett heime under «manglar på utstyr/materiell/ køyretøy». Det er ikkje sortert og kategorisert på nytt då det viktigaste er få løyst dei sakene som vert meldt inn.

sin etiske standard vert følgt. Alle tilsette har ein sjølvstendig ansvar for at egne handlingar er i tråd med den etiske standarden».

Framover ser me det som viktig å ha med etiske problemstillingar når nye arbeidsprosessar og rutinar skal etablerast i den nye organisasjonen vår.

5.5 Berekraft

Det er etablert ei arbeidsgruppe som i 2023 har arbeidd med selskapsstrategi der satsingsområde innanfor berekraft er eit av analyseområde. Tiltak skal definerast gjennom selskapsstrategien.

Som brann- og redningsvesen har me ei viktig samfunnsrolle og vil kunne påverke samfunnet sin berekraft gjennom vårt arbeid med førebygging og beredskap. Me har ei plikt, men også ein eigeninteresse i at me i saman lukkast med å nå dei berekraftsmål som er definert av FN.


Selskapet har FNs berekraftsmål #3, 8, 9, 11, 12, 13, 15 og 17 som sine naturlege satsingsområde.

Selskapsstrategien skal ferdigstillast når eigarstrategi føreligg.

5.6 Sjukefråver

Statistikk frå NAV viser utvikling av legemeldt sjukefråvær for selskapet sine tilsette er for 2023.

- 1. kvartal 2,5 %
- 2. kvartal 1,5 %
- 3. kvartal 1,9 %
- 4. kvartal 2,8 %



Haugaland brann og redning no lågare sjukefråvær enn kommunal forvaltning. I operativ teneste er det vanskeleg å leggje til rette for arbeid for tilsette med helseutfordringar. Fysiske og psykiske krav til helse er høge. Selskapet vil fortsette arbeidet for å få sjukefråværet ned i administrative og forebyggande tenester.

5.7 Informasjon

Det er i HBR etablert ein 50 % informasjonskoordinator, men som i 2022/23 har vært omprioritert til oppgåver innan beredskap. Intern og ekstern informasjon har dermed i større grad blitt utført innanfor dei ulike avdelingane og i linja.

Til intern informasjon fungerer Bliksund som eit oppslagsverk og som informasjonskanal, i tillegg til alle modulane som er verktøy for den daglege drifta av selskapet. For deltidspersonell som på grunn av stillingsstorleik ikkje har dagleg kontakt med næraste leiar eller selskapets virke, er det etablert eit informasjonsskriv, Tåkespikeren, som vert publisert jamleg.

Av ekstern kommunikasjon er dette omdømmebygging, førebyggande arbeid og generell informasjon til eigarar, innbyggjarar og andre som me i HBR ønsker å kommunisere med.

5.8 Likestilling og mangfald

Kjønnsfordeling

Det er utarbeidd ein strategiplan for rekruttering og da med spesielt fokus på beredskapsområdet. Eit viktig prinsipp er at det er kompetanse og eigenskap for den spesifikke stillinga som skal vera i fokus. Kjønn, religion, hudfarge med meir skal ikkje påverke kvar ein skild sin moglegheit for jobb i HBR.

For HBR er fordelinga på kjønn per 31.12.2023:

Stillingsområde	# kvinner	Endring	% kvinner	# menn	Endring	% menn
Leiing (leiar, avd. I. og mellomleiar)	1	-1	14 %	7	-1	86 %
Branningeniør og tilsvarande	3	-	43 %	4	-2	57 %
Andre dagstillingar	0	-	0 %	1	-1	100 %
Beredskapsstillingar 1/1	0	-	0 %	9	-	100 %
Feiing og tilsyn	3	-	23 %	11	-	77 %
Brannkonstablar deltid	12	-4	5 %	209	-64	95 %
Sum	19	-5	7 %	241		93 %

Nasjonalitet

Det er i beredskapsavdelinga sju personar med bakgrunn frå andre stadar enn Norden;

Polen:	1	Bulgaria:	1
Argentina:	1	Ungarn:	1
Romania:	1	Spania:	1
Nederland:	1		

5.9 Omdømme

Selskapet må styrke sitt omdømme overfor eigne eigarar kva gjelder vår rolle som beredskapsaktør og det økonomiske biletet. Dei føringar selskapet får til ein kvar tid er avhengig av dette omdømmet, og derfor er dette sentralt i selskapsstrategien.

Det viktigaste er å få synspunkt omgjort til fakta. Det er derfor iverksett ein Kostra-analyse for å kartlegge kostnad for selskapet sett opp mot samanliknbare kommunar/brann- og redningsvesen.

Det å hevde at Haugaland brann og redning iks kostar meir enn før og meir enn samanliknbare kommunar medfører at det er vanskeleg å få til meir samarbeid i regionen. Ved uttrede av Suldal og Etne ser me at begge kommunane får høgare kostnader når dei skal drifte brann- og redningsvesenet åleine.

Det må også jobbast inn mot politiske organ der informasjon som vedtak i formannskap og kommunestyre bygger på fakta. Haugaland brann og redning iks har i valåret 2023 fått stor plass i valkampen til fleire kommunar, og i denne samanheng har me fått ein peikepinn på selskapet sitt omdømme.

5.10 Prosjekt

Følgjande prosjekt er gjennomført i 2023:

- Det er gjennomført eit forprosjekt der mandatet er å sjå på kva moglegheiter, utfordringar, styrkar og svakheiter selskapet har i samband med å etablere eit kompetansesenter. Prosjektet er i tråd med gjeldande selskapsstrategi og ein direkte føring i budsjettvedtak for 2024.
- Det er gjennomført eit forprosjekt der mandatet er å sjå på grensesnittet mellom kommune, brannvesen og interkommunalt utval for akutt forureining med mål om å legge fram forslag til framtidig organisering.
- Det er utarbeidd ein selskapsstrategi for 2023-2026. Strategien skal vera eit styrande dokument som gir retning og skildrar dei mål som selskapet skal jobbe med. Selskapsstrategien vil ferdigstillast når eigarstrategien føreligg.

6 STYRE OG REPRESENTANTSKAP 2023

6.1 Møteaktivitet styre

Styret har følgjande medlemmer:

Leiar:	Elling Hetland	eigarvalt	
Nestleiar:	Leif Malvin Knutsen	eigarvalt	
Medlem:	Heidi Synnøve Nymann	eigarvalt	
Medlem:	Kristin Helle	eigarvalt	
Medlem:	Håkon Winterseth	eigarvalt	
Medlem:	Thor Arne Larsen	tilsettevalt	Geir Amundsen, personleg vara
Medlem:	Leon Dale	tilsettevalt	Tore Skeie, personleg vara
Medlem:	Karl Otto Endresen	tilsettevalt	Tore Johann Enerstvedt, personleg vara
Fast varamedlem:	Anne Kristin Helgeland	eigarvalt	

Det er gjennomført 7 styremøte i 2023 med 62 saker:

Saker Dato	Godkjenning av innkalling/saksliste	Protokoll	Styrevaluering	Organisatoriske og interne forhold	Organisatoriske og eksterne forhold	Budsjett, rekneskap og økonomi	Saker vedr. drift	Orientering om drifta	Eventuelt
25. jan	1	1			1	1		1	1
22. mar	1	1	1		2	2	3	1	1
30. mar	1	1			3	4	1		1
07. jun	1	1			2			1	1
23. aug	1	1		3	1	1	1	1	1
11. okt	1	1			2	1		1	1
13. des	1	1			1	2	5	1	1

Alle saker er lagt ut på hbre.no.

6.2 Møteaktivitet representantskap

Representantskapet har ordførar som medlem og varaordførar som varamedlem.

Det er gjennomført 2 representantskapsmøte i 2023 med 14 saker:

Saker Dato	Godkjenning av innkalling/saksliste	Protokoll	Organisatoriske og interne forhold	Organisatoriske og eksterne forhold	Budsjett, rekneskap og	Saker vedr. drift	Orientering om drifta	Eventuelt
15. mai	1			1	1			1
10. nov	1			1	1			1

Alle saker er lagt ut på hbre.no.

6.3 Anna møteaktivitet

Det er gjennomført 2 eigarmøte, 1 kontaktmøte og 6 arbeidsmøte opp mot eigarar i 2023.

7. REKNESKAP

Driftsrekneskap:	Note	2023	2022
Salgsinntekter		22 016 724	19 589 582
Refusjoner		5 425 903	6 701 676
Overføringer	16	103 079 457	93 045 154
Andre driftsinntekter		0	49 383
Sum driftsinntekter		130 522 084	119 385 794
Lønn inkl sos. utg.		78 320 210	83 448 763
Kjøp av varer og tjenester		19 369 095	24 023 161
Overføringer		4 390 456	5 764 915
Kalkulatoriske avskrivninger		6 056 682	6 096 939
Andre driftsutgifter		8 060 256	9 584 195
Sum driftsutgifter		116 196 700	128 917 972
Brutto driftsresultat		14 325 384	- 9 532 178

Finansposter:		2023	2022
Renteinntekter		-146 693	- 169 915
Renteutgifter		811 886	475 360
Avdrag på lån	9	1 341 785	1 524 044
Motpost avskrivninger		- 6 056 682	- 6 096 939
Ordinært resultat før interne finansieringstransaksjoner		18 375 089	- 5 264 728

Interne finanstransaksjoner:		2023	2022
Avsetninger	12	10 987 847	0
Bruk av tidligere avsetninger	12	403 343	8 841 518
Brukt til finansiering av utgifter i kapitalregnskapet		7 790 585	3 576 790
Regnskapsmessig resultat etter interne finansieringstransaksjoner		0	0

Investeringsrekneskap:		2023	2022
Investeringer i varige driftsmidler		8 086 922	7 855 109
Kjøp av aksjer og andeler (KLP)	5	87 984	67 868
Sum investeringer		8 174 906	7 922 977
Salg		5 662 288	166 000
Kompensasjon for merverdiavgift		1 049 094	1 313 879
Bidrag frå årets driftsbudsjett/-regnskap		7 790 585	3 576 790
Netto avsetninger		- 6 327 061	2 866 308
Sum finansiering		8 174 906	7 922 977
Sum investeringer		0	0

Balanseregnskap:		2023	2022
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	62 583 950	74 740 266
Aksjer og andeler (klp)	5	206 636	118 652
Pensjonsmidler	10	54 468 342	44 010 151
Sum anleggsmidler		117 258 928	118 869 069
Kortsiktige fordringer		23 849 728	5 672 053
Premieavvik	10	446 824	277 775
Kass, postgiro og bankinnskudd		8 214 736	14 876 921
Sum omløpsmidler		32 511 287	20 271 199
Sum eiendeler		149 770 215	139 140 267
Disposisjonsfond	12	11 494 254	506 407
Bundne driftsfond	12	1 019 991	1 423 334
Regnskapsmessig underskudd		0	- 6 327 061
Kapitalkonto	2	52 137 909	63 878 062
Sum egenkapital		64 652 154	59 480 742
Pensjonsforpliktelser	10	50 116 378	38 644 581
Andre lån	9	15 004 641	16 346 426
Annen kortsiktig gjeld		19 997 042	24 668 518
Sum gjeld		85 071 425	79 659 525
Sum gjeld og egenkapital		149 770 215	139 140 267